Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10.
Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.
Herad: Modalen

Emne: Lynging og mosing.
Bygdelag: Eksingedalen

Oppskr. av: Johs. Fleteskvål
Gard: Fleteskvål

(adresse): Fleteskvål
G.nr. 89 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Mest etter forfedra.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I Lynging.

A. Lyng vert sanka:

Lyngsanking er mindre brukt no enn i gamle dagar. No er lyngen brukt berre som naudfor i höylöysa. I fars- og farfars tid var den meir brukt, men daa og mest som naudfor. I den siste mansalder hev lyngsanking teke av.

2. Dei sanka lyngen um vaaren og kalla arbeidet „a lyngjå“.

3. Dei skar lyngen mest med sigd, men brukte og aa slaa den med ljåa „slutt-orv- eller „langorv“, som det passe etter markaskapet.

4. Det var baade mannfolk- og kvinfolkarbeid.

5. Dei slog stykket uppatt-, so snart det var nytilvokster – um tri-fire aar.

6. Lyngen fengde dei paa tog og bar den heim som lyngbyrder – eller og i sekk.

7. Lyngen laag i byrda eller sekken for inkje aa turka upp.

8. Lyngen vart brukt til kyr, smale og geit. Kyrne fekk den gjerne hakka

1646

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

andre klæ. med litt havremjøl paa, um dei det hadde.
Dei laga „lyngstampar" – lyng lagvis i ein „syrpestamp" med mjøl millom kvart lag. Stampen tok gjerne til fleirt fang med lyng. For heile vinteren vilde dei ringe ein stormasse.

9. Berre lyng var rekna for ringt for – det var mjølet som gav næring til mjølkekyr. Men den var „livbergingsfor" attaat noko høyforing – den sparde paa høyet og var mest rekna som fyllfôr.

B. Lyng som beite.
I fjellbygder, som her, brukte dei inkje aa sleppa krøteri paa lyngbeite. Det var berre geit-beist ein kunde jaga ut so tidleg at dei beitte lyng og annat ris fyrr graset kom so langt, at dei naadde i det.

3 det er berre i naudaar, at ein nyttar denne maaten.

4. Det var livbergings for. Men geiter som vart utegangande heile eller halve vinteren greidde seg med ris og lyng. og var gjerne i godt hold naar våren kom.

II Mosing.
Med mosesanking er det no noko liknande som med „lynging". Det er berre i naudaar og som naudfor i høyløysa.
Men dei gamle brukte det meir enn no. I denne mannsalderen er det mest slutt paa mosesanking.

2. Berre brukt i vaar knipa i høyløysa.

3. Mosen sankar dei i „smaatt regnvêr" Men etter ein regnskur.

1646
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

tredje blad. 3. Mosen maa vera "mjuk"- etter regnet. men
ikkje altfor vaat. daa den er tung aa bera.
4. Moseriving var arbeid for baade kar og
kvende. Dei gjekk til fjells ein dag og
sanka seg byrder - naar dei var forlegne.
5 Mosen reiv dei laus med hendene eller
med ei rive, höyrive, som dei og raka
den saman med. Arbeidet kalla dei "aa mosa"
6. Mosen tok dei med etter kvart dei
samla den og bar den i sekk eller "kjipe".
7. Dei "mosa" aldri slike mengder her, at dei
sette den i stakk eller mosehäugar.
10. Mosen stod i sekken til bruk etterkvart.
11. Mosefôret var mest brukt til kyrne.
Dei strödde og mjöl paa mosen, um
dei aatte den sorten.
12. Berre mose var kje noko prima fôr -
men vart den godt "mjölga" = mjöla, so
var den godt fyllefor.

Annen mose:

1. Det er sagt, at dei i gamle dagar sanka
grisemose og kokte graut paa den
til grisane sine.
2. Andre mosesorter veit me kje
av hev vore i bruk her i bygdi.

1646
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING